
Saknr: 2020/36722-2
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.02.2020
Fylkesutvalet		26.03.2020

Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum

Forslag til innstilling

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

Samandrag

Hop On AS, org.nr 923 364 242, har søkt om ruteløyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum. Etter ei vurdering, der trafikksituasjonen har vege tungt, rår fylkesrådmannen til at søknaden ikkje vert imøtekomen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hop On AS, org.nr 923 364 242 ('Hop On') har søkt om ruteløyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum. Selskapet må ikkje forvekslast med *bussruta* kalla «Hop-On, Hop-Off Bus Tour», som vert driven av selskapet Strømme Norge AS, org.nr 995 023 741. Også sistnemnde er ei «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum.

Drifta som Hop On søker om ruteløyve for gjeld strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaaien – C. Sundts gate – Tollbodallmenningen – Strandgaten – Småstrandgaten – Kong Oscars gate – Strømgaten – Nygårdstunnelen – Dokken – Nøstet – Håkonsgaten – Christies gate – Torget – Vetrlidsallmenningen – Øvregaten – Nye Sandviksveien – Bontelabo.

Det er planlagt omvising over høgtalar i bussane, med stopp på følgjande stader: Bontelabo, Bryggen ved Hanseatisk Museum, Turistinformasjonen, C. Sundts gate ved nr 57, Småstrandgaten ved Xhibition, Nøstetorget, Festplassen, Torget, Fløibanen, Mariakirken og Rosegrenden.

Hop On planlegg å avgrense drifta si til perioden 1. april – 15. september. Dei ønskjer å køyre med ein frekvens på 30 minutter i tida 09.00 – 17.00. I søknaden er det opplyst at bussane som skal nyttast vil vere dobbeltdekkjarar som minimum stettar gjeldande europeiske miljøkrav, som er Euro VI-diesel, og som vil kunne drivast av biodiesel.

«Sightseeingbussrutene» må ikkje forvekslast med transporten som vert utført av «turistbussar». Fordi førstnemnde er rutetransport, kan slike ruter berre utførast av dei som i tillegg til turvognløyve har ruteløyve frå fylkesutvalet. «Turistbussane» treng berre å ha turvognløyve, fordi desse ikkje er opne for alle.

Det har i fleire år vore to selskap som har løyve i drift for sightseeingbussrute i Bergen sentrum: Osbuss AS og Strømme Norge AS. Det er altså etablert konkurranse i marknaden. Desse ruteløyvene har fleire vilkår om m.a at haldeplassane berre skal nyttast for snøgge stopp. Osbuss nyttar minibussar i drifta si. Strømme Norge nyttar dobbeltdekkjarar. Det er registrert mykje ledig kapasitet i dei sistnemnde.

Volumet av «turbussar» og bussar i «sightseeingbussruter» i Bergen sentrum om sommaren har vore i vekst i fleire år. Ikkje alle desse har den nyaste og mest miljøvenlege motorteknologien.

Både fylkesutvala og fylkesrådmennene i begge dei samanslegne fylkeskommune var positive til konkurranse mellom kommersielle aktørar.

Sjølv om Skyss har eit tett rutenett i Bergen sentrum, legg ein til grunn at sightseeingbussrutene slik dei vert drivne i dag, og slik den omsøkte er planlagt driven, ikkje er i konkurranse med Skyss sitt rutetilbod. Dette fordi førstnemnde har langt høgare takstar, og opplegg for rettleiing og omvising som er tilpassa turistar.

Veksten i talet på «turistbussar» og bussar i «sightseeingbussruter» har ført til at det i perioden mai – september er mangel på ledig haldeplasskapasitet i Bergen sentrum. Dette har ført til at det i sommarmånadene er redusert framkomst for Skyss sine bussar, og at føresetnadene for at Skyss sine bussar er punktlege i Bergen sentrum er svekka.

Bergen kommune vendte seg i fleire år på rad til dåverande Hordaland fylkeskommune, med oppmoding om ei sterkare regulering av «sightseeingbussrutene». Det blei også motteke klagar frå innbyggjarar på Nordnes over luft- og lydutslepp frå bussane.

Fylkeskommunen har ikkje høve til å trekkje attende dei ruteløyva som er tildelte så lenge løyvehavarane held seg til gjeldande lov og vilkår, men fylkeskommunen er ikkje forplikta til å tildele nye ruteløyve, eller til å godkjenne utvida drift av dei eksisterande rutene.

Bergen kommune kan regulere både busstrafikken i og utanfor rute gjennom si rolle som vegeigar. Byrådet i Bergen vil i komande møte i bystyret i Bergen foreslå at det vert gjennomført eit forsøk med slik regulering i perioden juli – august/september 2020.

Forsøket går ut på å stenge Torget og Bryggen for biltrafikk, og å stenge Øvregaten og Vetrlidsallmenningen for turistbussar. Det vert føresett at forbodet ikkje skal gjelde buss i rute. Dermed vil det gjelde for «turistbussane», men ikkje for «sightseeingrutene» i regi av Osbuss og Strømme Norge, og heller ikkje for den omsøkte ruta.

Dersom bystyret vedtek forslaget frå byrådet, kan det lette trafikksituasjonen på Bryggen og Torget noko, men det vil truleg likevel ikkje bli ledig haldeplasskapasitet på desse stadene. Forslaget frå byrådet femner ikkje om andre gater der det ikkje er ledig haldeplasskapasitet, til dømes Christies gate og Lars Hilles gate.

Det har ikkje kome fråsegn frå kommunen i høve denne saka.

Vedtakskompetanse

Vestland fylkeskommune ved fylkesutvalet skal, etter innstilling frå HU for mobilitet og kollektivtransport, gjere vedtak i saka med heimel i yrkestransportlova § 12 (2) og i Vestland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement.

Vurderingar og verknader

I lys av at fylkeskommunen ikkje har høve til å regulere utsleppa frå andre enn sine egne bussar, finn fylkesrådmannen det positivt at Hop On i sin søknad vektlegg at dei vil nytte den nyaste dieselteknologien. Men også denne har utslepp. Det vil seie at det samla utsleppet frå sightseeingbussrutene i Bergen sentrum vil vekse dersom søknaden frå Hop On vert godkjent, med mindre det nye tilbodet skulle utkonkurrere dei eksisterande tilboda.

Fylkesrådmannen finn det framleis tenleg med konkurranse i marknaden. Slik konkurranse vil det vere anten søknaden frå Hop On vert imøtekomen eller ikkje. Fylkesrådmannen er oppteken av at korkje denne konkurransen eller andre tilhøve skal gå ut over den ordinære kollektivtransporten i Bergen sentrum.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er dagens trafikksituasjon i Bergen sentrum allereie svært vanskeleg, ikkje minst med omsyn til den offentlege kollektivtransporten sine behov. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er ledig rom for fleire sightseeingbussruter i Bergen sentrum.

Økonomi: Ingen verknader.

Klima: Ingen verknader

Folkehelse: Ingen verknader.

Regional planstrategi: Ingen verknader.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at søknaden frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum ikkje vert imøtekomen.